Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr. 6 | Herad: Øvre Sirdal.

Emne: Folkelaga musikkinstrument. | Bygdelag: — " —

Oppskr. av: E. Valevatn. | Gard: Tveiten.

(adresse): Dorgefoss. | G.nr. 15 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
Etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Lurar av samanrulla bork kjenner ein ikkje til her

2.

Orda halme, harpipe kjenner ein heller ikkje til.

3.

Ein kjenner ikkje til rangler som gåsehds eller liknande av dei som er omtalt i nr. 3.

4.

Me har kjennskap til enkle måtar å få fram knall og smell på, såleis ein papirpose fylt med luft, smella blomsterkruna til blåklokke eller eller blå lyöllebloma som vi kallar dei, og svepesmell med hestesveper
Smell med papirposar brukar ungane helst under festar med mat og kaffi. Smelling med blomsterkruna brukar og ungane om sundagane i blömingstida av desse blomane. Svepesmell nårsomhelst når dei har ei hestesvepa for hand. Noko seer nemning på desse smellar har ein ikkje. Frå gamall

7099

bruka dei å skjota inn jola med börseskot med same jolegrauten var kokt.
17. mai brukar dei å skjota inn om morgonen med dynamitskot. Ein kjenner iktje til om det var eller er knytt noko slag truer til dette.

5.

Ein kjenner heller iktje til ser=lege lyder eller ulyder som skulle driva bort vonde ånder, sjukdom, ulukker eller andre slag vanhepppe.

Undantak kan nemnast frå utga=mal tid, då dei trudde at om ein hubro eller ei av dei store uglene om nettene kom heim til husa og skreik, då tydde det at einkvan av huslyden var „feig" eller skulle koma til å döy om kort tid. Det var varselskrik, trudde dei gamle.

7099
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING